

Årsmelding Vestre Vassbygd grendahus 2015

Styret har bestått av:

Leiar: Anita Kjenes

Nestleiar: Terje Økland

Kasserar: Elisabeth Gjerde

Skrivar: Irene Kjenes

Styremedlem: Eva Karin Gausereide Kjellnes

Varamedlem: Kenneth Thorsheim.

I desember 2014 vart det oppdaga vasslekasje i veggen på badet. Dette har ført til at badet blei totalrenovert, og delar av golvbelegget i salen og heile gangen blei skifta. Arbeidet er utført av Recover Nordic skadesaneringsfirma, Rørleggjar Peder Langenes og Fargerike Knarvik. Gangen. Toalettet og ungdomsklubben vart og pussa opp med nytt golvbelegg og nymåla dører, veggjar og taklamper. Det er skifta vindauge i salen og på kjøkkenet, satt inn terrassedør i salen, og det er kjøpt nye gardiner i ungdomsklubben sine lokaler. Kledningen på vestsida er skifta og malt. Mykje av arbeidet er gjort på dugnad av bygdefolket sjølve.

Varmepumpa rauk og vart erstatt av ei ny og større pumpe, og me har og fått eigen bosscontenar til huset.

Grunna vasslekkasjen var det få arrangement i huset våren 2015, men tradisjonen tru vart det arrangert tur til Hersnipa med påfølgjande kjøtkakemiddag 2. pinsedag. Også i år var det godt oppmøte trass i at regnet hølja ned.

Jonsok vart feira med stort oppmøte, rømmegraut, spekemat, natursti, hesteskokasting og andre tradisjonelle aktivitetar. På hausten var det som vanleg basar til inntekt for huset, og før jul vart det skipa i stand pinnekjøtmiddag.

Grunna uforutsette utgifter for huset har ein måtte tenkja nytt med tanke på korleis ein kan få inn pengar. I 2015 vart det difor laga til eit påskelotteri, ein har hatt sal av kalendarar med gamle bilete frå bygda, søkt om diverse stønader og arrangert pubkveld. Pubkvelden vart ein triveleg kveld der småborda til slutt vart erstatta av eit langbord der alle satt samla.

Stemninga var god og tilbakemeldingane var at dette er eit arrangement som ein ønskjer seg fleire gonger. Huset har og mottatt pengegaver frå sambygdingar på til saman kr. 17 500.

Dette er vi svært takknemleg for!

Huset har og vore nytta til private arrangement som til dømes bursdagar, basar til inntekt for sjømannsmisjonen, bridge, årsmøte og gudsteneste. Ungdomsbedrift på Seim har arrangert ungdomsklubb tre kveldar med stor suksess.

Arrangementer tilknytta huset har gitt følgjande inntekter (utan fråtrekk på utgifter):

Påskelotteri: 10 500,-

Hersnipa-tur: 12 335,-

Jonsokfeiring: 13 855,-

Basar: 30 214,-

Pinnekjøtmiddag: 8 100,-

Stønader/ gåver: 57 750,- (15 000,- frå SPV til leikeplass og kr 27 750 i diverse stønader frå kommunen. Huset har og fått kr 4000 i prosjektstønad til produksjon og sal av kalender.

Pubkveld: 2 665,-

Sal av kalendarar: 10 400,-

Utleige: 11 840,-